



STUDIEFORBUNDET
KULTUR og TRADISJON

Studieforbundet kultur og tradisjon

Vågåvegen 35

2680 Vågå

tlf 61 21 77 50

post@kulturogtradisjon.no

www.kulturogtradisjon.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
(referansenummer 2014/1442)
kultur@hfk.no

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Studieforbundet kultur og tradisjon (Studieforbundet) har med glede lest framlegg til ny regional kulturplan for Hordaland. Vi finn planen interessant og meiner den ivaretek mange sider av eit mangfaldig kulturliv. I tillegg meiner vi planen peiker framover.

Studieforbundet er opptatt av opplæring og kompetanseutvikling i frivillig sektor. For å lykkast er organisasjonane avhengig av tilgang til ressursar. Både die statlege kursmidlane som blir formidla gjennom studieforbunda, men også dei regionale tilskota til opplæring som kjem frå fylkeskommunen. Desse tilskota sikrar loka motivasjon og utvikling og er med på å skape kompetansenettverk. Tilskota gir rom for utvikling og motivasjon av både kursarrangørar og kurslærarar. Erfaring frå fylke utan opplæringstilskot frå fylkeskommunen viser at utviklingsarbeid og nettverk lett blir redusert, og at organisasjonane lettare mister fokus på opplæring. Vi viser til fleire punkt i høyringsutkastet der opplæring er omtalt, og støtter fylkeskommunen i sin vurdering av at det er riktig å satse på å styrke organisasjonane sitt arbeid med kurs og opplæring. Vår påstand er at systematisk opplæring gir sterkare og meir robuste lokallag som kan ta større samfunnsansvar. Det er særst positivt at fylkeskommunen ser positivt på dette.

Studieforbundet merkar seg at barn og unge skal ha ei spesiell merksemd i arbeidet, men ber fylkeskommunen om også ha eit blick på alle aldersgrupper som deltek i kulturlivet. Det er dessverre færre generasjonsoverskridande organisasjonar og møtestader enn før. Og innafør immateriell kulturarv er det avgjørande at generasjonane har felles møtestader. Om dei vaksne miljøa fell bort vil det bli vanskeleg, om ikkje helt umuleg å jobbe med de unge.

Studieforbundet ser positivt på fylkeskommunen sine tankar om å vurdere 3 årlige løyvingar av driftstilskot. Dette vil vere viktig for organisasjonane og vil styrke langsiktig planlegging.

Kulturplanen omtaler også arenautvikling og infrastruktur. Studieforbundet er glad for fylkeskommunen si satsting på opprusting av lokale kulturhus. Noregs Ungdomslag er medlemsorganisasjon i Studieforbundet og representerer svært mange lagshus. Desse er dagleg i bruk som arena for opplæring og treng stadig vøling og opprusting for å sikre gode læringsmiljø. Men det er og viktig å leggje til rette for at fylkeskommunen sine eigne hus kan brukast til kurs og opplæring slik Lov om Vaksenopplæring opnar for. Mange lokale lag (særllig husflidslag) held kursa sine på spesialrom på skular. For oss er det viktig at spesialromma framleis blir satsa på og at skulane er positive til å utleige. Å sikre at det lokale kulturlivet blir

tatt med i planlegging når nye skular skal byggast vil vere eit positivt bidrag i arenautvikling, og kan kanskje løyse nokre utfordringar knytt til utstyr, akustikk og lager.

Studieforbundet er opptatt av inkludering og ser kursverksemd som en naturlig arena. Enkel tilgang til ekstra ressursar når laga tar ansvar kan vere ein føresetnad for å lykkast. Vi peiker derfor på at utvikling av særlege støtteordningar retta mot foreningslivet kan være en mulig vei å gå.

Eldre og fysisk aktivitet er omtalt i planen. Vi vil vise til seniordans som "ny" aktivitet for eldre. Dette er organisert gjennom egne dansegrupper eller tilslutta andre foreningar eller frivilligsentralar. Seniordans Norge har regionlag over heile landet og driver et utstrakt opplæringsarbeid. Utfordringa for denne type aktivitet er at dei ofte fell mellom tre stoler, både helse, kultur og opplæring. Tilrettelegging gjennom lokale og gjennom fylkeskommunalt tilskott er viktig for å sikre dette arbeidet framover.

Til slutt viser vi til høyringsuttale frå Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag som vi sjølvsagt står for. Desse er våre største medlemsorganisasjonar og står for meir enn halvparten av kursa i Studieforbundet

Med beste helsing
Studieforbundet kultur og tradisjon
Eli Ulvestad /s/
Leiar

Studieforbundet kultur og tradisjon Hordland
Gunn Hauge /s/
Leiar



Kjærsti Gangsø
Dagleg leiar